

VAKSDAL HUSFLIDSLAG UTSTILLINGA PÅ DALEDAGANE 2002

Åshild Bakke

Vaksdal Husflidslag inngjekk i 1999 ein leigeavtale med Dale A/S om å få disponera det gamle vaskeriet som aktivitetshus. Etter oppussing er dette lokalet blitt mykje brukt til kurs, medlemskveldar og andre aktivitetar i laget sin regi. Mellom anna førte det til at laget starta med emne-utstillingar i samband med Daledagane. Dette har blitt eit tiltak som har vist seg å vera populært blant bygdefolket, og som i sin tur har ført til at mange lokale «utstillarar» har begynt å leita på loft og i kjellar etter høvelege utstillingsobjekt. Første gongen det vart skipa til utstilling her, var for to år sidan. Då var det gamle dåpskjolar som var temaet, og i 2001 var det gamle reiskapar som stod i fokus.

Under Daledagane i år hadde laget ei ny utstilling i Husflidsstova, som vaskeriet no vert kalla. Årets tema var gamle leiker, eit emne som mange synte stor interesse for. Frå heile kommunen fekk me interesserte utstillarar, som meinte dei kunne ha ting å låna ut. Når dei så fekk vite at leikane ikkje ein gong trong vera «hauggamle» for å vera verdige ei utstilling, så vart det tydelegvis endå meir inspirernade, for då strøymde det på med både antikvariske godbetar og nyare ting. Som ein freistnad på tidsavgrensing, sette me eit krav om at leikane måtte vera 30 år gamle eller eldre.

I løpet av nokre fine junidagar vart så Husflidsstova fylt av fine, artige, utslitne, pent brukte og minnerike leikar frå gammal og litt nyare tid. Desse vart så sortert etter tema og bruksområde, og me vågar å hevde at mange let vel over utstillinga, og svært lett hamna opp i reine mimrestundene ved synet av ei leike dei kjende att frå «forna dar».

Det kom leiker av mest alle slag, både nyttige ting som bar tydeleg preg av hard medfart, til dei skjøraste pyntedokkene som berre hadde stått på stas og aldri skulle rørast. Dei sakene som vekte mest merksemd ved første augnekast var nok dokkevognene med stilartar frå tidleg 20-tal til dei mest populære modellane frå 1960-åra. Alle moteretningane innan barnevogner var representert her, og dei vognene som tydelegvis hadde stått seg best mot tidas tann, var nok dei som kom frå familiar med berre jenter. I barneflokkar der det etterkvart kom gitar som «arva» og overtok doningen, var det som regel lite att å visa fram på ei utstilling. Der hadde ein berre att nokre vedmodige minne om ei dokkevogn. Elles fanst det døme



Leikar frå utstillinga.

Utlånt av Vaksdal Husflidlag

på vogner som hadde vore brukt av fleire generasjonar av jenter, og som framleis var i tipp topp stand og i bruk den dag i dag.

Det mest dramatiske dømet på kva ei dokkevogn kan koma ut for i livet, var nok ho som hadde rota seg inn i ei skotveksling på Vaksdal under krigen, og som bar tydeleg preg av det. Men dokkene har visst hatt det bra i den vogna og, sjøl om det var litt luftig akkurat der som kula hadde gått gjennom.

Gyngehestane var i svært god stand. Dei vekte stor beundring både på grunn av nøyaktig og detaljert utforming, og fordi dei var så velhaldne. Mange eldre folk som minnest desse gyngehestane, meinte at dei var produsert i Teigdalen og var svært populære i 30-åra. Men for ein liten unge var det ikkje alltid så enkelt å handtere desse hestane. Astrid Fosse sin fine gyngehest var ein av dei ville og galne. Ho hadde han heime på Skyttarplassen då ho var lita, men måtte innrømme at ho hadde hatt bra respekt for den hesten. Viss ein vart litt for ivrig på gynginga, så kunne ein rett og slett «gynga rundt» på han, så det var ikkje kven som helst som fekk lov - eller våga - å bruka han.

Nokre av dei eldste gjenstandane vart beundra og mykje omsnakka. Der var mellom anna to fine, gamle vogger, som handlaga og nydelege i detaljane såg ut som små kopiar av ordentlege barnevogger. Kristi Øye eig den eine av dei, ei vogge truleg frå 1880-åra. Oldefaren hennar, Anders Boge Reistad, sat og laga denne i ledige stunder medan han sat på laksegilja i Kjeneset og vakta på storfisken. Han



Leikar frå utstillinga.

Utlånt av Vaksdal Husflidlag.

flytta seinare til Samnanger, og denne vogga vart truleg laga til ei av jentene hans. Seinare, då garden vart rydda, fekk mor til Kristi, Magnhild Øye denne vogga, og sidan gjekk ho i arv til dottera. Eit nydeleg stykke handverk, fullt brukande i dag og.

Det same kan seiast om den noko større vogga, som Marta Maria Zuliani lånte ut til utstillinga. Ho er i same stilen med dreidde knottar og fine utskjeringar, men er truleg noko yngre, sannsynlegvis frå tida rundt 1910-20. Mor hennar, Alvhild Vik Hesjedal, eigde denne vogga. Ho hadde fått ho av onkelen sin, han Mons Vik. Kanskje var denne vogga opprinneleg ein basargevinst. Det har nemleg høyrte ei porselensdokka til vogga. Ei fin dokke med hovud, føter og armar av porselen, men med utstoppa bol, slik dei ofte var. Denne dokka og vogga fekk Marta Maria berre leika forsiktig med då hå var lita jente. Så vart hovudet knust ein gong, og dermed vart dokka truleg kasta. Etter at ombygginga på huset var ferdig, så var og dokka vekke, så no er det berre vogga som er igjen. Men som ein ser på biletet, er ho like heil og fin.

Elles var utstillinga representert med fleire dokkehus. Det gjevaste må vera Raghild Lønne sitt. Ho vart den heldige eigaren av denne toetasjes basargevinsten, då ho som småjente fekk kjøpa eitt einaste lodd på huset - og vann det. Sjølve dokkehuset er laga av skuleelevane på heimstaden hennar, så dette har nok vore reine prosjektoppgåva. Takka vera forsiktig og kontrollert bruk av huset, har det lukkast eigaren å ta vare på ein flott «bygning» med fullt møblement i alle rom, og



Leikar frå utstillinga.

Utlånt av Vaksdal Husflidlag.

med handsydde gardiner og hekla borddukar like intakt.

Dessutan må det nemnast at mangfaldet var stort på denne utstillinga. Dokkeavdelinga var vel truleg størst, og det var ikkje få besøkjande som nikka gjenkjennande til Anne-dokka frå 60-talet eller stasdokkene frå eldre tider, dei som aldri kunne rørast.

Teddybjørnane opptok ein heil sofa åleine, endå dei sat tett. Mest alle saman hadde eigne namn. Velbrukte og til dels utvaska, men likevel fekk dei mange godord. Det var tydeleg at dei hadde gjort eit viktig terapeutisk arbeid i si tid.

Så var det bilane og båtane, då, alt frå samlinga av «stikkebilar» til heimelaga fartøy av ulik tonnasje, som med alle sine detaljar må seiast å vera reine prototypane av båtmodellar.

Og kven hugsar ikkje papirdokkene og glansbileta, «byttisane» og dei som ein samla på?

Til slutt kan ein trygt konstantere at det ikkje berre var dei yngste blant bygdefolket som hadde glede av leikene dei såg. Det var dei godt modne årgangane blant oss som til si undring gjorde ei viktig oppdaging. Medan dei studerte og gjenkjente leike etter leike, så opna dei samstundes si eiga minnebok, der det vrimla av minne og historier som har betydd noko for dei. Slike historier er og verd å fortelje.